

## Bokomtale:

# Frå Svartnåsan til Kjempegull

Hans M. Hjelstuen er eit kjent namn for mange sauehaldarar rundt om i landet, særleg blant oss som har levd ei stund. No har Hans M. skrive bok. Boka har han kalla «Frå Svartnåsan til Kjempegull – Eit liv med sau...».

Boka startar med eit kapittel forfattaren har kalla «Tankar ei julinatt». Her skildrar han tankane som gjekk gjennom hovudet ei julinatt han tilbrakte åleine inne på Bølhøgda i Fåvangsfjellet – blant beitande sauer. Det var her avgjerda vart teken om å festa tankar og minner gjennom eit langt og rikt liv med og for sauen mellom to bokpermar. Eit liv som sauehaldar på garden Spekhus i Fåvang, som sauedommar, som tillitsvalt i NSG og som yrkesaktiv i ulike landbruksrelaterte organisasjonar. Hans M. har blant anna arbeidd som gardsstyrar hos Norsk sau- og geitlagslag på Tveter gård i Asker, som rekneskapsfører i Ringebu og han har over 30 år som organisasjonskonsulent i HED-OPP bak seg. I tida som tilsett i kjøttsamvirket reiste han mykje rundt i landet og blei kjent med mange sauefolk.

Som tittelen på boka indikerer så handlar det meste om Hans M. sitt liv med sauer. Heilt frå den første søya han fekk som liten gut, den han kalla

«Svartnåsan», og heilt til det gilde kåralammet «Kjempegull» – den siste sauen han hadde som sauebonde.


Mellom desse ytterpunkta, frå 1942 og fram til etter 2000-års-skiftet, ligg mange gode forteljingar frå farne tider, mykje fagkunnskap og masse avlshistorie.

Hans M. har hatt mange legendariske «sauepersonlegheit» som læremeistrar opp gjennom tidene. Vi kan nemne at her får vi stifta nærare kjennskap med personar som Jon Seland, Sigurd Bell, Paul M. Moberg, Thorvald S. Austrup, Olav Moen og mange fleir. Men eg meiner at Hans M. sjølv fortener sin plass blant dei «store» sauekarane.

I boka kan vi lesa om kjente dalavernamn som; Rygdølen, Breirygg, Haugprins og Traust-Bryn, berre for å nemna nokre. Kjente og kjære namn for oss som hugsar langt nok tilbake eller har lest gamle Sau og Geit.

Mykje av boka går på utstillingshistorier; om Hans M. si læretid som sauedommar, om livdyrhandelen på 50- og 60-talet og om kva eksteriørdøming har hatt og seie for avlen opp gjennom tidene.

Boka tar også for seg dei meir



alvårlege sidene med det å vere sauebonde. Hans M. si skildring av å finne igjen dyra sine etter at jerven og bjørnen har herja i beitet gjer inntrykk. Dette vekker følelsar, mest som ein kan kjenne klumpen i halsen.

Dette er ei bok som kan anbefalast – her kan vi knyta saman gamal og ny tid i sauehaldet. Boka skapar perspektiv over det å være sauebonde – den viser gleda som oppstår ved å stelle med dyra. Når du har lest boka føler du at du har noko til felles med Hans M. – det å vera stolt over yrket ein har valt.

«Frå Svartnåsan til Kjempegull – Eit liv med sau...» er på litt over 100 sider. Mamut Reklame as har stått for layout og produksjon av boka som ein kan få kjøpt ved å ta kontakt direkte med forfattaren: Hans M. Hjelstuen, Flymovegen 5, 2634 Fåvang, e-post: han-hje@online.no. Prisen på boka er 190 kroner pluss portokostnader ved sending.

Av Arne Flatebo

Ren norsk merinoull med naturlig lanolin  
– til filting og garn, til strikk og vev



**Leine Merino**  
ULLA SOM GIR DEN GODE VARMEN  
www.leinemerino.no, anders@leinemerino.no, 977 15 081

**Voksen kvinne ønsker  
å melke geiter i fjellet  
sommere 2012.**

Gode ref. Tel. 926 40 915